

**LMBNOR103 -17 - 1 20V Norsk 103 1-7**

**Sensorrettleiing v/eksamen 2. juni 2020**

**EKSAMEN**

Dette emnet har etter emneplanen munnleg eksamen:

*Individuell munnleg eksamen.* Varighet: totalt ca. 35 minutt.

Den munnlege eksaminasjonen er todelt. Først presenterer studenten eitt av arbeidskrava sine (sjølvvalt, ca. 5 minutt). Presentasjonen skal vere reflekterande rundt eigen læringsprosess, ikkje berre eit referat av det faglege innhaldet. Deretter følgjer ein eksaminasjonsdel på omlag 30 minutt, der sensorane og studenten har ei fagleg samtale med utgangspunkt i tema frå emnet. I vurderinga vil både det faglege innhaldet og dei munnlege ferdigheitene bli vurdert.

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Karakterregel: A-F

Intern og ekstern sensor

Dette semesteret blir eksamensforma endra som følgje av tiltak i samband med den pågående helsekrisa. Innhaldet blir som i den planlagde munnlege eksamen med unntak av presentasjon av eit arbeidskrav som fell bort. Den skriftlege heimeeksamen blir då slik:

*Individuell skriftleg eksamen.* Varighet: 6 timer.

**Det skal skrivast to tekstar med utgangspunkt i to ulike tema. Kandidatane logger seg på Inspera til fastsett tidspunkt, svarer på oppgåvene, og leverer i Inspera innan fastsett tidspunkt.**

**Målform: Valfri**

**Tillatne hjelpemiddel: Alle**

**Karakterregel: A-F**

**Intern og ekstern sensor**

**LÆRINGSUTBYTTE**

**18Maglu**

**Kunnskap**

Kandidaten har

- brei kunnskap om språklege endringsprosessar i fortid og samtid
- god kunnskap om normeringsspørsmål i moderne norsk
- brei kunnskap om sentrale kjenneteikn ved norske dialektar
- inngående kjennskap til teoriar om lesing og skriving
- kunnskap om kva for funksjonar lesing og skriving har hatt og har i kulturen vår

### **Ferdigheiter**

Kandidaten kan

- organisere og drive lese- og skriveopplæring for trinn 1-7 etter fagleg grunngitte prinsipp, også i det fleirspråklege klasserommet
- bruke språk- og tekstkunnskap aktivt i rettleiing av elevar i lese- og skriveprosessen
- bruke kunnskap om talemål- og skriftspråksnormering i skriveopplæringa
- vurdere og reflektere omkring ulike slags prøver i lesing og skriving, og nytte resultatet av dei til fagleg utvikling for elevane
- legge til rette for den munnlege språkutviklinga til elevane
- verke som ein ressursperson i samarbeidet med kollegaer om lesing, skriving og munnlegheit som grunnleggande ferdigheiter
- gjennomføre teoribaserte analysar av læreverk og læringsressursar (digitale og papirbaserte) i norskfaget på barnetrinnet.

### **Generell kompetanse**

Kandidaten

- kan formidle norskfaglige innsikter og tilpasse form og innhald til ulike målgrupper
- har innsikt i norskfaget historisk og ut frå forsking og kan reflektere kritisk og konstruktivt om praksis ut frå slike perspektiv
- kan vurdere eigen praksis som norsklærar og grunngi vurderingane
- har eit medvite forhold til korleis samtalen mellom lærar og elevar, og samtalen elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring
- kan vurdere nytte, relevans og kvalitet på ulike lærermiddel ut frå teoribasert kunnskap

### **Vurdering av prestasjonar:**

Prestasjonar vurderast i samsvar med vurderingskriterium for høgskolen og i lys av dei punkt i forventa læringsutbytte som er relevante. Høg grad av analytisk haldning og refleksjon over kunnskapen vil vere eit teikn på sjølvstende.

[https://www.uhr.no/\\_f/p1/i4bf251a-5e7c-4e34-916b-85478c61a800/karaktersystemet\\_generelle\\_kvalitative\\_beskrivelser.pdf](https://www.uhr.no/_f/p1/i4bf251a-5e7c-4e34-916b-85478c61a800/karaktersystemet_generelle_kvalitative_beskrivelser.pdf)

Eksamens består av 2 oppgåver som begge må vere bestått. Dei vektast som likeverdige i den endelige karakteren som er ein karakter frå A til F.

Av andre generelle kriterium, må nemnast:

Kandidatane skal ha med referansar i teksten sin på vanleg måte (APA 6) for å vise kjennskap til pensumlitteraturen og korleis ein nyttar denne i fagtekst, men litteraturliste er ikkje nødvendig denne gongen for dei referansar som gjeld pensumlitteraturen. Då kan sensorar nytte litteraturlista i emneplanen. Dette grunna tidspress ved eksamen. Refererer kandidaten til kjelder utanfor litteraturlista i emneplanen, skal dei stå i ei litteraturliste etter teksten.

## Oppgåve 1

### Om dialektkunnskap og nytten av slik kunnskap i undervisninga

Teksten «Norgesmester i petanque» er eit utdrag frå ein samtale mellom ein informant og ein intervjuar frå det nordiske dialektkorpuset. I teksten er det muleg å finne ei rekke ulike dialekttrekk som kan gi ein peikepinn på kor talemålet til informanten kjem frå. Nokre av trekka er markerte i gult som ei starthjelp. Du vel sjølv kva andre ord du vil trekke inn i din analyse. Denne oppgåva er todelt, og både oppgåve A og oppgåve B må svarast på.

Oppgåve 1 A: Analyser dei ulike dialekttrekka i den vedlagte teksten, og argumenter for kor du meiner talemålet til informanten høyrer heime basert på dialekttrekka.

Oppgåve 1 B: Skriv ein kort tekst der du peiker på korfor for det er nyttig for deg som norsklærar å ha kunnskap om dialekter.

### **Norgesmester i petanque**

**Informant:** jæ ha en ganng vært Nårrgesmesster

**Intervjuer:** oi

**Informant:** ja [latter] å vi va i Lilleby i fjar på turnn'ering

å da # fikk ee mann'n minn # å en till å jæi vi fikk anndreplass'n dær nere

**Intervjuer:** oi

**Informant:** ja # å vi har værtt me i Vigelannsparrken på # så de æ masse konkuransjer # å så æ re en serie såmm går vorr re ær ett grisehus inni Bittelilleby # vorr rømm har inne- innehall vorr vi kan konkurerere me dømm fåsjelli kLubbane runnt i # i lanne

**Intervjuer:** ja # hm mon tro om det er no petanquelag i Mellomby # det har jeg aldri

**Informant:** ha vært

**Intervjuer:** det har vært?

**Informant:** ja # å jæ vet att ee # e- e- de nye huse såmm ligger ne ve kanal'n og stenane # dømm ha egen bane ee ett par a dømm dær nere

å en del inni Mellomby dømm spiller ee i parrken dær inne å # menn vi har ee to familier i Mellomby såmm ær medlemmer i Storeby

**Intervjuer:** å ja

**Informant:** ja

**Intervjuer:** fordi de ikke har noen klubb der hjemme lenger?

**Informant:** ja de ække nå ee # hann sjutta hann såmm va fårrmann å de ær innen illsjelær bak

**Intervjuer:** nei

**Informant:** næi

**Intervjuer:** hm # du gikk på ee # Storeskole var det det het?

**Informant:** \* m \* ja de æ skoorn såmm ligge like neri hær fø ri kåmm hit

**Intervjuer:** ja # var det mange elever der når du vokste opp eller?

**Informant:** ja # vi var jo træddve i klass'n # ut'n ventilasjonsanlegg å allt de styre såmm ær nå # vi låkkte åpp vinndu

hadde va- hadde sånn # ee ja va het de vakktmessers- # å passa # å låkk åpp vinndune å låkke **dømm** ijenn

så sto vi utte i **all** sjlakks vær å spiste matpakka vår # vi fikk **ente** stå inne i ganngen en ganng # å vi

tru vi va minndre dåLi enn de **onngane** ær nå # så de viss **fåLLk** bynnt å låkk åpp vinndu på skoorn så tru jæ vi kunne sjlippe en del kLager # når de jeller ventilasjon

### Oppgave 1 A

Forventa om dialekttrekk i teksten:

Tjukk L – fleire eksempel, vanleg å skrive som «L»

Retrofleksar (utover tjukk l) – for eksempel fåsjelli

Bøyningsending hankjønn i fleirtal – onngane, illsjelær, kLubbane, stenane.

Personleg pronomen 1. og 3. person – bruker både jæ og jæi. I tredjeperson dømm (også et tilfelle med rømm, der r'en kjem frå ordet før)

Nektingsadverb – ække (ikke) og ente

Monoftongering - stenane

Østfold-l - **all** og **innehall**

Førsteleddstrykk i importord - turnn'ering

Kort vokal – utte (dette står ikkje i pensum, men vil løfte om det er med)

Vurdering av svara			
	Høy oppnåelse	Bra oppgåve	Minimum for å bestå
Oppgave A	<p>Studenten kommenterer på ein grundig måte alle dei markerte trekka ved dialekten. I tillegg viser studenten sjølvstendighet ved også å inkludere i analysen fleire ord som ikkje er markerte i teksten.</p> <p>Studenten byggjer opp ein argumentasjon der informanten blir plassert i Fredrikstad/ Østfold/ sørøstnorsk ut frå grundig kunnskap og oversikt over norske dialektar.</p>	<p>Studenten kommenterer dei markerte dialekt-trekka meir eller mindre grundig. Trekkjer kanskje inn endå eit ord eller to som kan knyttast til dialekten.</p> <p>Studenten argumenterer ut frå kunnskap og oversikt over norske dialektar, og plasserer informanten i det austnorske området.</p>	<p>Studenten kommenterer minst 3-4 ord, og dette gjerast kanskje dels på ein overfladisk måte.</p> <p>Studenten har ein svak argumentasjon for kor informanten sitt talemål kan plasserast, men plasserer talemålet i det austlandske området basert på få, men likevel relevante trekk.</p>

### Oppgåve 1 B

Vurderinga:

Følgjande punkt kan vere aktuelle å ta med i denne teksten. Minimum vil vere i nokon grad å kunne peike på eit av punkta og seie noko fagleg om det. Å reflektere fagleg over alle tre punkt vil vere høg grad av måloppnåing, men refleksjon over et par av punkta kan også vere høg oppnåing sett i samanheng med a-delen.

- Peiker på samanheng mellom talemål og rettskriving, gjerne knytt til fonologisk fase i barn si skriveutvikling.
- Peiker på korleis lærar i undervisninga kan utnytte ulike talemål for å stimulere språkleg bevisstheit og utvikle kunnskap som grunnlag for språklege haldningar.
- Kan sjå bruken av talemål i skolen i historisk samanheng og i eit sosiolinguistisk perspektiv.

### Oppgåve 2: Om lesedidaktikk etter den første opplæringa

Drøft korfor og korleis du som lærar vil ha nytte av forskingsbasert teorikunnskap om lesedidaktikk etter den første opplæringa.

Vurderinga:

Korfor-spørsmålet handlar her om legitimering, medan korleis-spørsmålet handlar om didaktisk praksis, altså praksis som blir grunngitt ut frå teori. Eit godt svar vil vise grundig kunnskap om dette fagområdet og kunne reflektere og drøfte ut frå pensum-litteraturen. Det gode svaret vil

også vise forståing av samanheng mellom teori og kunnskapen som låg til grunn for arbeidskravet om «**Lesing som grunnleggende ferdighet**» i siste praksisperiode. I samband med dette arbeidskravet sto «Rammeverk for grunnleggende ferdigheter» med matrise for leseferdighet sentralt.